

Takk for støtte til plenklyppar på Stemneplassen.

09.07.2018



Styreleiar Ove Myhre syner stolt fram den nye bioklypparen på Stemneplassen.

**Uskedal Friluftslag eig og driftar Stemneplassen. Styret har dei siste åra iverksett tiltak med hogst, rydding og vegetasjonspleie. Mykje er gjort, noko gjenstår. Styreleiar Ove Myhre vil takka for all støtte for å letta drifta. Betre økonomi har ført til at ein nyleg kjøpte bioklyppar. Graset på plassen i amfiet, ved scenen og krigsminnesmerke vert no slege på vel to timar. Alle skråningar og arealet opp mot toppen må takast med kraftigare utstyr.**

Friluftslaget søkte KSBank 1- stiftinga Kvinnhead om midlar til varmepumpe og slåttestyr. I denne omgang vart det avslag, men det vert søkt på nytt til hausten. God støtte frå bygdefolket har ført til at laget har makta å få på plass ny bioklyppar. Det er John Deere, 8,5 HK med 60 cm. slåttestrekk. Det er råd å stilla hastigheten. Kostnad: kr. 7.300,-

Inntekter frå Friluftskonserten i juni er med og sikrar drifta. Den største personleg gåva er på kr. 5.000,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal